

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1976

25. årgang

## ORKLAND MANNSKOR

I 1950 starta Orkland mannskor opp. Før hadde det vore eit blandakor i Orkland, men det vart mangel på kvinnerøyster. Resultatet av det var at Orkland mannskor vart skipa. Dei var den gongen 8 mann pluss dirigent. Dei fordele seg jamt på tenorar og bassar, og dei vart da 2 mann på kvar stemme.

Dirigent den gongen var som det er no, Jens Indergård. Han har styrt koret med ei fast hand fram til i dag.

Koret legg vinn på å bera fram eit budskap som skal vere til kall og velsigning både for tilhøyrarar og songarane sjølve. Songane til koret har derfor ei fast rot i den kristne bodskapen.

Kvar fjortande dag har koret øving hos ein av medlemane. Sume gongar før øvingane besøker koret aldersheimar og sjukehus, og ein av kormedlemane har da som oftast ein kort andakt. Sjølve korøvinga går unna med liv og lyst. Den største delen av kvelden går med til øving og finpussing av nye og gamle songar, men ein må også nemne at kaffepause og spørsmål om song på møte og festtar mykje tid. Det er ikkje lett at det passer å vera med for alle når dei har ulike yrke og mange interessar og

oppgåvar utanom arbeidstida. Vi må derfor vurdere nøyne om koret kan synge når det manglar folk på stemmene. Koret er med og deltar 20—30 gongar kvart år.

Røystefordelinga no er forholdsvis jamn. Koret tel omlag 20, og dei er fordelt godt på alle 4 stemmene. Alderen på dei i koret ligg mellom 20 og opp til pensjonsalder. Rekrutteringa har vore bra ei stund no, sjølv om mange av dei yngste er reist bort for ei tid. Vi håper å få dem att. Koret har eit ynskje om at fleire kunne verta med å forkynne «det glade budskapet» gjennom songen.

O. K. F.



Frå ei øving. Diverre er ikkje alle med

**SLEKTERS GANG****Døpte**

- Geltastrand.  
10.10 Ketil Vikås  
10.10 Jan Tore Halvorsen  
  
Orkdal.  
3.10 Robert Dørdal  
3.10 Tormod Engen  
3.10 Rachel Belinda Hårberg  
(døpt i Ranheim k)  
10.10 Brit Meås

**Orkland**

- 14.6 Torkel Berbu  
11.7 Kristin Snildal

**Orkanger**

- 14.9 Heidi Markesnes  
3.10 Oddbjørn Leraand  
3.10 Tormod Engen  
3.10 Erik Sæthre  
3.10 Laila Haugnes  
17.10 Geir Haugen

**Vigde**

- Orkdal.  
18.9 Erling Olae Wihbro og  
Inger Marie Asbjørnslett

- 9.10 Rolf Wærne og  
Ella Graven

**Orkland.**

- 18.9 Gjest Ove Lilleås og  
Anne Laila Bergem

**Orkanger**

- 5.10 Bjørn Atle Prestmo og  
Synnøve Olsen

**Øvre Orkdal historielag**

har nok ein gong gjeve ut ei god år-bok. Denne gongen for åra 1973 - 1975. Sanneleg er det verdfullt at ivrige mennesker tar på seg strevet med å få samla og tatt vare på dei minner og hendingar frå ei faren tid, som enno finst i minnet. Desse årboekar vil etter kvart bli ei kultursoge for bygda vår. I årets bok er det 18 artiklar i det heile. Ikkje alle går direkte på soge, men alle er verdfulle på kvar sin vis. Sjølv likte eg godt å lesa om «husmannsplassar på Monsset-jåren». Vanlegvis er det no stor-gardane som vert omtala i soga, men sanneleg har husmennene også vore med på å gjera landet vårt større og rikare. Sogedraget om Orkdal Sparebank frå 1842 — kronikken om overgang frå daler til krone — og Per Palmers tale ved kyrkjejubileet i 1975 var forvitneleg å lesa. Likevel vil eg innrømme at det aller første eg slo ned på og leste var settesoga til Herr Joen Joensen — sokneprest til Orkdal. Rimeleg at det var slik når ein sjølv hører til etaten. Men alle artiklane var leseverdige og eg vil rá til at orkdalingar som er historisk interesserte skaffar seg denne årboka.

K. R.

**Døde****Orkdal**

- 20.9 Amund Skorild f. 1896  
20.9 Randi Sommervold f. 1898  
22.9 Lars Bakksæter f. 1904  
27.9 Anne Solem f. 1891  
30.9 Oleiv Marie Wikan Olsen f. 1966  
16.10 Karl Julius Okkenhaug f. 1905

**Orkland.**

- 1.10 Mette Sofie Gundersen  
8.10 Ludvig Bjørnås

**Orkanger.**

- 10.9 Ruth Ingvarda Henriksen  
8.9 Ragna Torjul  
14.10 Agnes Helene Viggen  
5.10 Hans Garberg

**Eldres hyggetime**

- Svorkmo misjonshus fredag 26. nov.  
kl. 11.00.

**Helgemesse**

(Johs. åpb. 7. kap.)

Eg Johannes såg  
mannemengda fjåg  
stå der oppå himmelhøyna  
kledd i kvitt så langt eg øyna,  
kvar ei ætt og folk  
tungemål og tolk.

Framfor Kongens stol,  
framfor lammets sol,  
kledd i lange kvite klede  
sto dei reiduge å trede  
fram med palmegrein  
i si hand kvar ein.

Dei med fagningsrøyst  
ropar ut den trøyst:  
«Frelsa tilhøyri Gud den eine,  
han som sit på kongsstol reine.  
Han og lammet er  
FRELSA for vår ver.»

Alle englar so  
kringom kongsstol sto.  
Ned dei knela allesamen,  
ned for Gud og ropa AMEN.  
Slik på englars vis  
ga dei kongen pris.

«Signing, takk og pris,  
kvar ei gjerning vis,  
styrken, makta, himmelæra,  
alt av godt i heimen våra,  
hører deg Gud til,  
Æveleg deg til.»

Mannemengda fjåg  
som Johannes såg  
var dei mange som av trengsla  
vann seg fri med himmellengsla  
Tvette reine so,  
klær i Lammets blo.

Framfor Gud dei står,  
for hans kongsstol går,  
tener dag og natt i templet  
etter dei fekk guddomsstemplet.  
Gud på trona sit.  
Dei fekk koma dit.

Gud sin bolig sett  
over deira ætt.  
Dei skal aldri svelta meire  
ikkje byrder bære fleire,  
Ingen tyrst li naud  
under sola raud.

K. R.

**MENIGHETSBLAD**

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

**Redaksjonsnemnd:**  
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkje  
Agnes Singstad

**Redaktør:** Kaare Rogstad.

**Annonser:**  
Sigmund Haugset.

**Kasserar:**  
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.  
Postgiornr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Stundom kan ein høyre frå folk som skjeldan set sin fot i nokor kyrkje at de opplever Gud i naturens store katedral. Det er nok meire ein talemåte enn ei røynsle. Å oppleva Gud i naturen, kan vel berre den som i nokor mon først har opplevd han i Ordet — lest — hørt — trudd. Utanom slik bruk av ordet er det vel dei ferraste av oss som får nokon som helst tanke om Gud i bærskogen, på jakt, på tur. Kanskje kan to astronautar her vera døme. Ein ateist kom ned att frå sin romfart og uttala at han hadde sett mykje eventyrlig, vakker og stor-slått, men dei kristnes Gud såg han ingen stad. Ein kristen astronaut sa etter sin måneferd pålag det same om det eventyrlige, vakre og stor-slåtte men han enda talen sin slik: «Overalt såg eg Guds overlag full-komne og vakre skaparverk.»

I vår generasjon står det ein kamp om menneskeverdet. Tydelegast ser vi dette på statleg plan. I den totalitære stat betyr ikkje mennesket noko utanom dei tenester det kan yte felles-skapet. Difor kunne også den totalitære stat oppleva gasskammer og masseutrydding av uønskte individ. I den kristne stat (som er det einaste grunnlag demokratiet kan trivast på) vil sjølv den uslakte stakkar og det mest hjelpe-lause individ ha sitt egen-verd så lenge Gud gjev liv. Men vi ser det same saktens også på det personlege plan. Den avkristna nyheidne ungdommen er ikkje så nøye på om han kører i fylla og skader andres liv og helse. I slike miljø er det også at vold og ran kan finne stad.

Du slepp å høyra sovore ting om den kristne ungdommen. Den kristne tenker om mennesket at det er eit vesen skapt i Guds bilet, ein personlegdom som Gud kjem i hug og ser til, har omsorg for, gjev eit kall i livet og har etla eit evig rike for.

Guds-biletet er mellom mange andre ting dette viktige at vi framom all annan skapning har fått evne til å skyne oss på godt og vondt og til å velgja. Og med valget fylgjer ansvar.

Dette har salmediktaren i den gamle davidssalme sett rett. Han har sett mennesket i sin dobbeltsituasjon, både menneskets storhet og dets ringhet. — ringhet for Gud, storhet fra Gud. Eit menneske som har kome fram til den samme sjølverkjenning vil uttrykka seg slik: «I meg sjølv maktar er ingen-ingting, men i Jesus Kristus maktar eg alt. K. R.

**VÅR MENIGHET**

Sokneprestens oppsett i okt.nr. om tenester i kyrkjelyden som venta på medhjelparar, har fått respons. Heile 4 stk. har meldt seg for å vera prestens medhjelparar i Orkanger. Akkurat så mange var det vi trengte. Men enda manglar vi 1 i Geitastrand. Elles var det og fleire som meldte seg for innsats i barne-ungdoms- og eldrearbeid, — men fleire trengs.

Møteaksjonen i Orkdal kyrkje 28/9 - 10/10 var vellukka på alle vis. Mykje folk møtte opp kvar kveld og Sverre Røvik hadde lagt opp ein fin stigning i si forkynning.

Konfirmantjubilea er godt avvikla i tre sokn, og det er rørande å sjå kor trufast 50-årsjubilantane finn att vegn til ungdoms soknepyrrje. Mange kjem med halve Norge som reisedistanse. Eldste jubilant på Svorkmo var 65-årsjubilanten — 90-årig John Bakken. — «Still going strong». No er det berre Orkanger sokn som står att. Der skal jubilantane feira dagen 14/11.

16/11 er res. kap. Eidhamar på plass att etter endt studiepermisjon. Så kan vi ønske han velkommen heimatt og takka spr. Rise for vel utført vikar-arbeide.

28/11 skal Orkland menighet vigsla dei nye glasmåleria i Moe kyrkje. Kunstenaren Veslemøy Nystedt Stoltberg vil vera tilstades ved høgmessa.

Misjonsforeninga på Geitastrand skal feire sitt 100 årsjubileum 28/11 med fest i Kjøren grändstuggu.

5/12 skal den nye soknepresten i Oppdal — Edmund Hjelseth — innsettast i sitt embete av prost Rogstad.

**80 år i bygdas tjeneste****Moderne butikk - Godt vareutvalg.****Bensin- og servicestasjon.****Velkommen inn.**

**Svorkmo**  
**Handelssamlag**

## Søndagen

Søndagen har i vår generasjon tor mange mennesker fått ei ikkje så lita omforming. Mens tyngdepunktet for tidlegare generasjoner var heilagdagen og kviletdagen, er det no meire vorte fridagen da «EG» kan gjera alt det eg ikkje vinn dei andre seks dagane. Ungdomar som morer seg kvar laurdagskveld, sov på søndag i den tida Guds ord — maten for sjela — vert forkynnt. Folk i meire vaksen alder bygger seg hus og hytter og farter rundt på alle slag turar på kviletdagen, og gjer det kanskje med verset i Mark. 2. 27—28 som orsaking. Det er mange som les dette verset — som om det sto «Mennesket er herre over sabatten». Så skulle da Jesus ha gjeve oss lov til å misbruaka vår helg. Men det Jesus seier i dette ordet er at sabatten vart gjeven for mennesket si skyld og difor lyt menneskesønnen vera Herre over denne dagen, (underforstått for å verne dagen for mennesket). Om Mennesket sjølv fekk vera herre over dagen, så ville søndagen snart bli øydelagt. Les vi desse versa i den sammenheng dei står — er det tydeleg at Jesus vil frigjøre søndagen frå farisearane sine mange tvangsreglar for dagen og sikkert også frå dette at andre mennesker sin livsstil skal ha «avgjer» over «mi helg». Men like tydeleg er det at Jesus ikkje gjev oss fridom til å øyda dagen sitt heilage innthal.

Det hender nok altfor ofte at både kristne og ikkje-kristne misbrukar både bil og båt og sin gode helse til å forsømme Guds ord og Guds hus ved å gjera alle søndagar til åndeleg fridag. Da vil dette ordet vi har nemnd nokså handfast fortelle oss at vi ikkje er herrer over vår helg. JESUS KRISTUS ER HERRE OVER VÅR HELG.

Vi kjenner kanskje alle soga om den fornekta bonden som ein sommar ville syna yrkesbrørne sine at eit kristent syn på søndagen berre var noko tull. Han laga seg ein stor åker som han berre stellte med om søndagane. På søndagar ployde-harva og sådde han. Ein søndag midt i gudstenestida køyrdie han skurtreska. Åkeren ga fullgod grøde. Bonden fekk fagfolk til å gå god for åkerens handtering og resultat og eit oppsett vart sendt til ei stor avis. Då hendte det at redaktøren som ikkje sjølv var

nokon overtydd kristen — ga oppsettet denne korte «hale». «Det er ikkje alltid Gud gjer opp Rekneskapen i september».

Mange mennesker går omkring og kjerner på at no er det visst lenge sidan eg var til Guds hus, no må eg vel gå snart. Og like sikkert som tanken kjem, så kjem undskyldningene. «Det var så altfor fint ver til å setja seg inne ein søndag formiddag.» «Det var så styggt eit ver at ingen kunne ta seg ut ein slik dag».

Det tredje bodet: «Kom ihug at du

skal halda kviletdagen heilag», vil alltid stå der som ei påminning for oss. Det kan sjølv sagt vera situasjonar for ein kristen som gjer at han ikkje kan koma seg til Guds hus på søndag, men sanneleg skal ein kristen også ha gode grunnar framfor Gud til å orsaka seg i dette stykket. Eit heilt folk kan ikkje utan følger krenka det Guds bod som han har sett til vakt om sitt eige ord. Det går ikkje i lengda å vera eit kristent folk om vi ikkje held fram å gå på kyrkjeveg.

K. R.

## Ta barna med til kyrkje

Om barns kyrkjegang uttalte USA's øvste politisjef Edgar Hoover dette: Skal eg tvinga barnet mitt til å vera med meg til kyrkje? Ja-viss, og det utan nokon som heilst diskusjon. Er De forbausa? Kvifor det? Kva seier De til sonen Dykkar om han kjem ned til frukost og seier: «Eg gid ikkje gå på skolen idag». Han kjem vel til å gå likevel? Gjer han ikkje? Eller når han kjem inn om kvelden, ruskete og skitten og seier: «Eg vil ikkje vaska meg». Han vaskar seg vel likevel, ikkje sant? Og om han er sjuk og nektar å ta medisinen, — så tar han den vel likevel, gjer han ikkje?

Kvifor så all denne blautaktige framferd når det gjeld barnets åndelige vel? Vil De venta til barnet blir gammelt nok til sjølv å avgjerra om det vil gå, seier De? Nei, skal De ikkje narra dykk sjølv. De ventar da ikkje med å la han gå til skolen, til han sjølv tar avgjerra og de ventar heller ikkje med å la han vaska seg til han sjølv har bestemt seg til å vera reinsleg og ordentleg med sitt yttre, eller ventar med medisinen til det passer knekten å ta den? Kanskje trur De på det argumentet at barnet vil venda ryggen til kyrkja når det blir vaksent om De skulle ta det med dit gjennom heile barndommen? Da må De sjå dykk om og skyna at det er eit falskt eventyr som motbevises av livets erfaring. Skulle den unge mannen kaste seg i rennesteinen og skitna seg til avdi han som barn fekk ordre om å vaske seg? Det måtte vel vera tull.

Kva skal vi gjera da, når junior seier

at han ikkje girde å gå med mor og far til Guds hus? Da skal ein bestemt og konsekvent segja: «Junior, her i vårt hus går vi alle i kyrkja. «Er De avgjort her og går foran med eit godt eksempel, så vil dykkar barn bli leida inn i rette, gode vaner, og De vil ha gleda av å sjå barnet veksa opp frå barnetrua og inn i den modne avgjorte tru.

### Møteserie på Sorkmo

Kretssekretær i Gudbrandsdalen Indremisjon Gunnar Ødegårdstuen gjester overbygda i tidsrommet 16.—21. november. Det blir møte på missjonshuset hver kveld. Ødegårdstuen er også en fremragende sanger. Dessuten vil det bli sang av stedets krefter, samt av andre sangere fra dalføret. Se ellers annonse i lokalavisen.

Kom og hør evangeliet i ord og toner. Er det noen som har problemer med skyss til motet, så vær ikke redd for å spørre, vi vil være behjelpeleg så langt vi rekker.

Sorkmo Indremisjon

### Orkdal Sparebank

Orkanger ... kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager ... kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)  
Fannrem ... kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)  
Selbekken ... kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

Hald denne firkanten opp framfor ansiktet og pust på den. Blir den raud, bør du gå til doktoren. Blir den brun, treng du time hjå tannlegen. Skulle den bli gul, bør du gå til ein psykiatriske. Skulle den bli grønn, må du eta meire frukt og skulle det verste henda at den blir svart — da må du laga istand testamentet ditt. Men om den no vert uforandra og har den same kvitfargen som papiret elles, så er det ingen grunn til at du ikkje skulle gå til kyrkja no førstkomande søndag.

## HEIMEN

«I heimen der hyggjer seg barnet best til heimen vil ungdommen stunde. Og mannen som sviver i aust og i vest vil heller på heimferda skunde»

syng Ivar Aasen i ein visestubb. Slik er det vel også dei fleste av oss kjenner det. Heimen er den mest grunnleggande av alle samfunnsfaktorar enda om det er det minste samfunn av alle. I heimen øves vi opp i kjærleik og gjensidig offer, i å vinna over avund og å løysa vanskar i samarbeid.

I heimen får barnet læra seg lydighet og å innordna seg, men det lærer og fridom — ein fridom under ansvar. I heimen ber vi saman om dagleg brød og vi takkar for det, og barna lærer slik at det ikkje er så sjølv sagt at vi alltid skal kunne eta oss mett. Verda ute kan elles fortelja oss det.

Når vi sit ved bordet vil samtalene vera til like stor hygge som maten er det. Vi kan fortelja og spørre kvarandre om det vi har møtt i dagen. I ein god heim vil smil og glede fylle huset, gjester vil vera velkommen, nabobar og vene sjå tidt om kvarandre. Heimar som held saman vil og halda saman om det samfund vi lev i.

Idag er det sterke krefter i sving for å øydelegge den gode familietradsjonen. Ein skal kunne leva saman utan forpliktelser, heiter det. Det har og stått på trykk at det beint ut er forferdeleg at ein skal lova å leva saman i ekteskap med same partnar eit heilt liv. Det måtte vera betre å inngå ekteskap på åremål. Vi får bare føye til — stakkars barn! Det vil alltid måtte vera dei som blir skadelidande.

Angrep på den gode «gammeldagse» heimen får vi møta med å laga ein mur av kristne tradisjonar ikking alt som vi har nedervt gjennom generasjonar er vane med å sette høgt — mor og far, heim og fedreland. Gud sette eit solid gjerde om dette da han i det fjerde bodet sa:

Heidra far og mor di, så skal det gå deg vel og du skal leva lenge i landet.

Det fjerde bodet har synt si sanning gjennom alle hundreår, både for den enkelte og for oss som folk. Så må vi halda fram med å be om velsigning over heimen vår morgen og kveld. Og vi må halda fram med å gå på kyrkjeveg — gamal og ung — heile familien i lag.

Mor du hadde så mjuk ei hand når lindt du turka min tåre. Dronning du var i mitt alveland engelen ljós imot fare. Mor, Gud æveleg signe.

Handi hans far min eg gløymar kje ho med fingrane krøkt av mein. Ho ligg og skin i mitt minne no så fin som ein perlestein.

K. R.

### Orkdal felleslag av N. L. Misjonssamband

Virkeplan for høstterminen 1976:  
21—24. 10: Gjølme offeruke v/Oskar Jønland  
26—31. 10: Løkken for. Offeruke v/Oskar Jønland  
2—7. 11: Midtbygdens for. Fannrem off. uke v/Oskar Jønland  
14. 11: Sorkmo Røddelag Vormstad Røddelfest  
16—21. 11: Meldal off. uke v/Oskar Jønland  
23—28. 11: Haugen for. off. uke v/Oskar Jønland  
30.11—5.12: Vårliv for. Sorkmo off. uke v/Oskar Jønland  
7—9. 12: Krokstadøra v/Oskar Jønland  
10—12. 12: Monset v/Oskar Jønland  
12. 12: Orkanger offerfest v/Oskar Jønland

## Et Sykehusmøte

Vi delte rom på sykehuset.

Knapt ferdig med sin utdannelse som sivilingeniør — ble han rammet av multipel sklerose. Han ble lenket til rullestolen — ennå ikke 40 år. Og han blir bare verre. Men han var full av liv (i dobbel betydning). Ikke brakete og brautende. Men stillfarande og effektiv. Han var en personlig kristen.

Da han hørte at jeg var prest, brøt han ut: «Da passer vi godt sammen, for jeg kan si at jeg er en glad kristen. Og det var han i sannhet. En glad kristen i rullestol, med livet spolt.

Jeg kunne ikke unngå å høre to leger snakke sammen om han. Den ene sa til den annen: «Det er en enestående mann.» Tydeligvis var de grep av sin prøvede pasient. Han var blitt et Kristi vitne for dem. På sin naturlige måte var han blitt det — taktfull — ikke påtrengende.

Så sitter jeg igjen med et spørsmål. Kunne han ha blitt den samme for Guds rike om han hadde fått være frisk? Ja, naturligvis vil mange av oss si.

Selv mener han nei. Da ville han være opptatt med sin karriere og alt som hører der til. Nå var han opptatt med Guds rike. Det kom til synne også i hans store hobby. Han er radioamatør. Helt til Japan nådde hans kontakter. Også som radioamatør ønsker han å være et troens vitne.

For meg var det en opplevelse å bli personlig kjent med denne mannen. Han er et av de mennesker som ga meg meget, både for tro og tanke. Det er en Guds mann.

L. B.

**SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE**  
postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

**MEN**

— lesarane har vore svært så positive med å forstå at vi treng ein god økonomi for å drive eit bra blad. Mottoet er framleis: Hjelp oss til å gjere det enda bedre! Postgiroblanketten for 1977 er lagt ved. Han bør brukast alt no. Kasseraren har alt unnagjort sin private julesjau for å ha tid til å bokføre alle innbetalingane til menighetsbladet.

Vi har ikkje blitt tvinga til å bruke masker for å sjå blide ut før, så sikkert vil bildet ovanfor også bli gjort til skamme no. Vi er som vanleg optimistar. Takk for all oppmuntring og glede som de har gitt oss hittil. Vi trur 1977 blir eit godt år for menighetsbladet.

Inge Eidhamar.

## Takkeord fra overlege Gordon Johnsen

Fra Gordon Johnsen har eg fått desse takkeorda som eg vil dele med alle som var med og gjorde Trøndelagsturen hans til ei stor oppleveling — også for han. Han skriv:

«Turen til Trøndelag står for meg som et gledeleg minne, som jeg vil bevare. Kulturkilden, og gudstenesta i Orkdal kirke var absolutt det fineste jeg var med på under Trøndelagsbesøket.

Jeg har vært på kassakontoret og meddelt resultatet av reisen, og det ble kr. 14.000, alt i alt, fra Trøndelagsbesøket.»

I Orkdal kom det inn netto kr. 3.271,60 på kulturkilden og om lag like mykje i kyrkja — altså ei fin gäve til ei stor og verdfull sak. Eg takkar alle som møtte fram og som var med i gäva til Modum Bads Nervesan.

*«Å var det so vel  
at eg kunne verja ei einaste sjel  
Av all denne ungdom  
som leikar og kved.  
Og hugheilt i livet  
som fuglen seg gled.  
Å, kunne eg berge  
frå fall og frå mein  
Ein einaste ein.»*

Olai Aalen

Eg vil føy til at Gordon Johnsen sa til meg då vi skilde: Eg kjem att til Trøndelag neste haust. Desse orda vitnar om kontakt og glede, og eg trur vi alle skal gøyma orda i hjarta våre og gle oss ved dei. For alle som var til stade såg og kjende at vi hadde saman med oss ein rik personlegdom — med lang erfaring frå fengsel og sjukhus — og med eit stort hjartelag. Det står om Anders Hovden: «Han gret med dei

## Mangel på arbeidere!

Bibelen sier at vi skal be om at Gud skal drive ut arbeidere. Jeg har lurt på hva som kom til å skje om vi som ba denne bønna sjøl ville være svar på den. Du har det vel som meg, det er lettast å be den — og så bli sittende. Vi trenger mange arbeidere på Orkanger, folk som kan ta seg av barnearbeid, sondagsskolearbeid, arbeid blant konfirmantene og voksenarbeid. Jeg kan nevne at ein i fjar ikke kunne ha bibelstudiegr. blant konfirmantene på grunn av at en mangla noen til å ta seg av det. Det finst (sikkert) mange slike eksempl.

Gud trenger mennesker som han kan formidle sitt kall gjennom. Gud er makteslös uten menneske som vil gå hans ærende. En behøver ikke være spesialist for å tjene i Guds rike, nei det en trenger er tro, og forståelsen av at en ikke kan utrette noe sjøl, dvs. uten Guds hjelp. Det er Gud som skal gjøre arbeidet. Du skal være redskapet.

Er du interessert kan du ta kontakt med menighetssekretær Per Solem.

(Til slutt bør jeg vel nevne at det blir arrangert kurs hvor en kan lære mer om f.eks. barnearbeid — det fins og en del litteratur som omhandler emnet.)

B. O.

sorgtyngde og gledde seg med dei glade.» Same orda vil eg bruke om Gordon Johnsen. Og han har stor givnad til å dele opplevelingane med oss andre, og mykje å lære oss. Eg trur vi skal sjå fram til ei ny, fin helg neste haust — og be for Gordon Johnsen at han må få helse, styrke og kraft til å gjennomføre ei ny reise, — og be om signing for han alle dagar.

Asbjørg Svare

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.  
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

## Den Norske kyrkja i framtida

Ei av dei aller viktigaste sakene som er oppe til drøfting nett no, er kva for kyrkjeoarding vi bør få for framtida. Men er det ikkje bra slik vi har det, vil sikkert mange spørja. Har ikkje kyrkja vår gode arbeidsvilkår? På det kan ein svara både ja og nei. Når det gjeld økonomien, må ein vel seia at kyrkja stort sett møter praktisk godvilje både lokalt og på landsplan. Langt dei fleste som sit med politisk ansvar, finn det naturleg at kyrkja bør ha rimelege kår økonomin.

Men på den andre sida er det slik at dei fleste aktive innan kyrkja meiner at kyrkja har for lite åndeleg sjølvstende. Det er faktisk slik at kyrkjene i Sverige og Danmark som og er statskyrkje, har meir sjølvstende i eigne saker enn vi. Det gjeld slikt som lærespørsmål og utnemningar t.d. No har også Den Norske Kyrkja etter kvart fått litt meir sjølvstende, men mange vil meine at enno står att ein god del før målet er nådd. Når ein skal finne fram til den ordninga som kan tena folk og kyrkje best, det vil seia Guds rike mellom oss, er det eitt spørsmål som serleg melder seg. Kva med kyrkja og staten i tida som kjem? Det spørsmålet er kommunestyret og sokneråd bedne om å svara på. Spørsmålet er både viktig og vanskeleg. Banda som bind stat og kyrkje saman, er både mange og fleire hundre år gamle. Det er såleis all grunn til å tenkja seg godt om før ein gir svar. Men om ein svarar ja til fortsatt statskyrkje, må ein også ta standpunkt til om ein skal gå inn for større indre fridom for kyrkja eller om ein ser det slik at det er bra som det er.

Om ein skulle gå inn for opplysnings av statskyrkjeordninga, har ein valget mellom fri folkekirkje eller frikyrkje. I det første tilfelte er det tenkt ei kyrkje utan innblanding frå staten men med økonomisk stønad frå staten. Alle døypte får medlemskap som i statskyrkja i dag. Slik var fleirtalet i Sivertsenkommisjonen tenkt seg det. Men det er og dei som har tala om eit dobbelt medlemskap. Først alle døypte som kyrkja har serleg ansvar for. Så alle som forpliktar seg på

bibel og vedkjenning. Berre desse vil få valg- og styringsrett i kyrkja.

Det tredje alternativet er frikyrkje-modellen. Der er det slik at berre dei som seier seg å stå for ei personleg kristentru får medlemskap. Alle andre blir ståande utanfor, men er å sjå på som misjonsobjekt for kyrkja.

Dei instansane som skal svara på dette, treng visdom og klårsyn. Det må vi ynske for dei og be om. Men det er eitt spørsmål som til sist er det eigenlege spørsmålet i denne saka. Skal det norske folket vera eit kristent folk i framtida eller ikkje? Her er vi alle med på avgjerande vis med holdninga vår. Difor kviler det eit tungt ansvar på kvar av oss. Det gjeld framtidsvegen å folket vårt.

Ottar Hyldmo

## Respekten for helga

I siste Menighetsblad skrev Arthur Klebo om kva helga vert bruka til, no tildags, og korleis det var i det gamle bondesamfunnet.

Denne artikkelen til Klebo er eit ord som rett mange i Orkdal og bør merke seg, og tenkje over. Er det så reint bra her i bygda når det gjeld kvila på helgadagen, — er det så reint nødvendig å taka til med eit eller anna arbeid på denne dagen. Å arbeide på sondagen er ein uvane som mange folk har lagt seg til.

Ein annan stygg uvane som mange husmødre, — helst unge da, har lagt seg til er å vaske kleda på laurdagen, for så å henge dei ut til tørk over sondagen. No kjenner eg på meg kva desse vil svare: Me hev fri om laurdagen og må vaske kleda da. Dette argumentet bit eg ikkje på. Idag har mest alle husmødre vaske-maskiner, enten heil- eller halvautomatiske, så det skulle vera ein smal sak for dei å vaske kleda på ein annan vekedag, eller kveld.

Kor mykje tungvintare var det ikkje for dei gamle bondekonene, — dei måtte i eldhuset og koke kleda, — i vasskjeda for å bruke bankreet på dei og skylle dei, — mange stader langt å bera vasken. Men såg du ein klevask som hang ute til tørk over helga. Aldri. Så husmødre i Orkdal, — slutt med dette!

Gammelmann.

## Veit du at:

det er 404 kristne arbeidslag ved våre ungdomsskolar, vidaregående skolar, universitet og høgskolar her i landet vårt!

i 1975 vart det seld mest 150 000 ny-testamenter av den nye omsettinga: «Godt nytt».

frå nyår vil Det Norske Misjonsskap setta igang ein eigen misjons-høgskole i Stavanger. Misjonsskapet set også igang misjonsarbeid i Thailand.

i sommar var omlag 4000 tenåringar samla til treff i Skien i ungdoms-forbundets regi.

146 966 barn i Norge gjekk på søndagsskole ifjor, og det var skolar tilknytt norsk søndagsskoleforbund. Om ein tar med dei frikyrkjelege søndags-skolane kjem talet opp i 216 864.

Under Misjonsskapets generalfor-samling i sommar vart det gjeve 782 000 kr. i offer og kollekt. — Fan-tastisk?

Norges Kristelege ungdomsforbund har 65 700 medlemmer.

Ved inngangen til Hardangervidda mellom Numedal og Telemark er Skirva Fjellkyrkje og ungdomssenter reist. Det er denne fjellkyrkja. Søvasskjølen fjellkyrkje skal bli sørster-kyrkje til. Det er nett same teikningane som skal nyttast.

Under sommaren Tomb-stemne var det ca. 8000 mennesker samla til gudsteneste.

«Fiskerens venn» — organ for «Indre sjømannsmisjon» har forandre namnet til «Trygg havn».

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

**SØNDAG ER KIRKEDAG**

**7.11 — Alle Helgens dag**

Orkdal kirke kl. 11. Høgmesse v.spr. Rise. Nattverd. Offer til misjonssambandet.

Orkanger Aldersheim kl. 11. gudstjenestlig møte v. prost Rogstad

**14.11 — 22. s. i trineining**

Orkanger kirke kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. 50 års konf. jubilerer. Offer til menighetsarbeidet.

Moe kirke kl. 11. Høgmesse v/spr. Rise. Offer til sjømannsmisjonen. Nattverd.

**21.11 — 23. s. i trineining**

Orkdal kirke kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til Israelmisjonen.

Geitastrand kirke. kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar Nattverd Offer til samemisjonen. Buss frå Råbygda.

**28.11 — 1. s. i advent**

Orkdal kirke kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad og kretssekretær Vestervell. Offer til samemisjonen.

Moe kirke kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Dei nye glassmåleria blir tatt i bruk.

**5.12. — 2. s. i advent**

Orkanger kirke kl. 11. Høgmesse ved v/res. kap. Eidhamar. Nattverd

Orkdal aldersheim kl. 11. Gudst. møte v/menighetssekretær Solem.

Moe kirke kl. 11. Lysmesse v/res. kap. Eidhamar

**12.12 — 3. s. i advent**

Moe kirke kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.

Orkdal kirke kl. 20. Lysmesse v/prost Rogstad.

## **Kyrkje — Ordbok**

N Nattverd Eigenleg eit nattmåltid, etter den samlinga Jesus hadde med venene sine skirtorsdagen, der dei åt påskelammet saman. «Gjer dette til minne om meg,» sa Jesus. Difor held ein nattverd i alle kyrkjer over heile verda — sjølv om ikkje alle kan halda nattverd saman.

O Oblat Nattverdbrød. Det er tunne, kvite kjeks, baka av diakonisser i eit spesialbakeri. Frå først av var det «usyrd grød» som dei åt ved det jødiske påskemålet. Men Jesus tok eit slikt brød, takka, gav dei og sa: «Dette er lekamen min. Gjer dette til minne om meg.» Difor trur kyrkja at

Jesus sjølv er til stades kvar gong vi held nattverd.

P Pastor Opphaveleg «hyrding» eller gjetar. Jesus kalte seg sjølv for «den gode hyrdingen», og den gongen Peter fekk oppgåva si som leiari for kyrkja, sa Jesus at han skulle «føda» og «gjeta» sauene hans.

Påske Gamal jødisk fest, til minne om utferda av Egypt. Ordet tyder «overgang», eit minne om tida då folket vart ført av Gud gjennom havet og øydemarka. Då bakte dei usyrd brød, av di dei laut bryta opp i all hast og ikkje fekk tid til å la deigen æsa. Dei skulle òg slakta eit lytelauast lam, slik dei gjorde då dei skulle fara ut ur Egypt. Jesus var sjølv «lammet som vart slakta», og han skipa «den nye pakten» som skulle løysa av den gamle. For den kristne kyrkja tyder påske først og fremst ein fest for oppstoda. Difor høgtider vi påske kvar einaste søndag — av di vi minnst han som stod opp or grava.

## **Ansvar — Varde**

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor.

Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

### **Prestekontoret på Orkanger**

(i Den gode Hyrdes Kapell)  
har åpent til disse tider:

tirsdag	8 - 10
torsdag	18 - 19
fredag	8 - 10

## **Indremisjonskretsen 90 år**

Trøndelag Indremisjonskrets kan feire 90-årsjubileum 20. oktober i år. Jubileet ble markert i de forskjellige foreningene på «Kretsens dag» omkring siste helg i september — og vil dessuten sette sitt preg på festsamværet under kretsens høstmøte.

Høstmøtet avvikles som vanlig i Trondheim allehelgenhelga (6. — 7. november).

Arrets hovedtaler er Lars Eritsland, vel kjent både som mangeårig bibelskolelærer, som forfatter av oppbyggelsesbøker og som andaktsholder i radio.

## **GÅVER til bladet**

Følgende har betalt kr. 10 til menighetsbladet på Orkanger.

Aslaug Solberg. Hjørdis Dahl. Ole Dahl. Frøidis Mælen. Johanna Svee Ingunn og Per Solem kr. 20.

### **Familierådgivningskontoret i Trondheim.**

sosialmedisinsk institusjon som er tilsluttet Kirkens Familierådgivning — under tilsyn av fylkeslegen i Sør-Trøndelag.

Nordre gt. 12, 4 etg. (Gjensidigarden).

Fagpersonalet: Leger, sosionomer, psykologer, jurister, prest og sykepleiere.

Kontortid: kl. 0900 — 1500, lørdager kl. 0900 — 1300.

Timeavtale: tlf. 27 585.

### **ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borgbilde Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik, Harald Hukkelås. Bankane.

### **ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

### **ORKANGER MINNEFOND**

Blankettar hos:

Bankane.

### **GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

Sendt av:

**POSTGIRO - INNBETALINGSKORT**  
Sendt av:

D.R.: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_


KRONER                    ØRE  


ADR.: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

KRONER                    ØRE  


TIL  
FRIMERKE

KVITTERING



DATOSTEMPEL

KRONER                    ØRE  


er innbetalt til

Orkdal Menighetsblad

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO  
32 68 72

Ved reklamasjon  
må De vise  
kvittering

ORKDAL MENIGH.BLADE  
NR. 9 1976  
Gåver og kontingent  
1977

TIL

**ORKDAL MENIGHETSBLAD**

ADR.: \_\_\_\_\_

**7320 Fannrem**

POSTGIROKONTO


**32 68 72**

POSTGIROKONTO  
**32 68 72**



Bl. 560

DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER  




DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER

ØRE  
PORTO

SIGNATUR